



**Indre Hordaland Revisjonsdistrikt**

**Oppfølging av  
politiske vedtak  
i  
Ulvik herad**

## FORORD

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve for Ulvik herad etter Kommuneloven av 25. september 1992 med endringar av 12. desember 2003. Føremålet med forvaltningsrevisjon er nedfelt i lovens § 77 nr. 4 som har følgjande ordlyd:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon).”

Heradsstyret i Ulvik vedtok 19.11.08, sak 055/08 plan for forvaltningsrevisjon 2008-2012.

Med heimel i kommunelov og forskrift har kontrollutvalet gjort si konkrete bestilling ut frå det ansvar som er tillagt utvalet gjennom eiga forskrift for kontrollutval. Indre Hordaland Revisjonsdistrikt mottok 8.1.09 bestilling av prosjektet frå sekretariatsleiar.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har utarbeidd prosjektplan og denne er godkjend av sekretariatsleiar og fungerer som avtale. Prosjektet er gjennomført av registrert revisor Anita Limstrand og revisjonssjef Odd Jakob Storebø.

5.5.2009

Anita Limstrand  
Registrert revisor

Odd Jakob Storebø  
Revisjonssjef

<b>FORORD</b>	<b>2</b>
<b>1. SAMANDRAG</b>	<b>4</b>
<b>2. INNLEIING</b>	<b>5</b>
<b>2.1 Bakgrunn</b>	<b>5</b>
<b>2.2 Føremål og problemstillingar</b>	<b>5</b>
<b>2.3 Avgrensingar</b>	<b>6</b>
<b>2.4 Metode</b>	<b>6</b>
2.4.1 Dokumentanalyse	6
2.4.2 Intervju	6
<b>2.5 Revisjonskriterium</b>	<b>6</b>
<b>3. DATAGRUNNLAG OG REVISORS VURDERING</b>	<b>7</b>
<b>3.1 Vert heradsstyrevedtak følgd opp av administrasjonen og kva er årsaka til eventuell manglande oppfølging?</b>	<b>7</b>
3.1.1 Revisjonskriterium	7
3.1.2 Databeskriving	8
3.1.3 Revisors vurdering	13
<b>3.2 Kva rutinar/arbeidsprosedyrar, system finnast i administrasjonen for å følgja opp politiske vedtak og kva rutinar finnast for tilbakemelding</b>	<b>14</b>
3.2.1 Revisjonskriterium	14
3.2.2 Databeskriving	14
3.2.3 Revisors vurdering	15
<b>3.3 Etterleving av rutinane</b>	<b>16</b>
3.3.1 Revisjonskriterium	16
3.3.2 Databeskriving	16
3.3.3 Revisors vurdering	17
<b>4. REVISORS KONKLUSJON OG ANBEFALING</b>	<b>17</b>
<b>4.1 Konklusjon</b>	<b>17</b>
<b>4.2 Anbefaling</b>	<b>18</b>
<b>5. TILBAKEMELDING</b>	<b>19</b>
<b>5.1 Tilbakemelding frå rådmann</b>	<b>19</b>
<b>5.2 Avsluttande kommentar frå revisjonen</b>	<b>19</b>

## **1. SAMANDRAG**

Forvaltningsrevisjonsprosjektet om oppfølging av politiske vedtak er gjennomført jamfør vedtatt plan for forvaltningsrevisjon godkjend i kontrollutvalet i Ulvik herad i sak 25/08 den 31.10.08. Planen vart vedteken i heradsstyremøte 19.11.08, sak 055/08.

Føremålet med prosjektet er å sjå om administrasjonen følgjer opp dei vedtak som vert fatta i heradsstyret i tråd med kommunelovas bestemmingar.

### ***Oppfølging av heradsstyrevedtak***

Politiske vedtak vert i hovudsak fatta i formannskap og i heradsstyret. Ordførar møter og leiar møta i formannskap og heradsstyret og har saman med administrasjonen ansvar for at sakene vert satt opp på sakskartet til handsaming. Delegasjonsreglementet trekk opp grensegangen mellom kva saker som skal handsamas politisk og kva saker rådmannen kan vedta etter delegert myndigheit.

Revisjonen har gjennomgått eit utval heradsstyrevedtak for å undersøkje om vedtaka vart følgd opp av administrasjonen. Det vart i tillegg undersøkt kva system den enkelte saksbehandlar hadde for å følgja opp vedtak som han/ho var ansvarleg for. Revisjonen manglar tilbakemelding på 11 av 34 vedtak, dette medfører at rapporten ikkje vert fullstendig. Revisjonen har heller ikkje fått tilbakemelding frå dei aktuelle saksbehandlarane vedrørande system for oppfølging av vedtak dei er ansvarleg for.

Inntrykket av registreringsarbeidet som vert gjort av leiar for tenestetorg er god. Den enkelte saksbehandlar utnyttar etter revisjonen sitt syn ikkje Websak tilstrekkelig. Revisjonen meiner at heradet bør vurdere å utnytta Websak meir til å registrera vidare oppfølging av vedtak.

Alle vedtaka i utplukket var registrert på heimesida til Ulvik herad.

### ***Rutinar/arbeidsprosedyrar/system og tilbakemelding***

Heradet nyttar Websak som saksbehandlingssystem. Revisjonen har fått kopi av fem rutinar/arbeidsprosedyrar/system som finnast i heradet for oppfølging av politiske vedtak og tilbakemelding. Det framkjem i disse nokon konkrete instruksar om kor ofte det skal rapporterast til heradsstyret.

Revisjonen har undersøkt om dei mottatte rutinane, arbeidsprosedyrane og systema er tenlege.

Reglementet som er utarbeida er etter revisjonens vurdering føremålstenlege, men det kunne vore behov for noko meir utfyllande rutinar. Det framkjem ikkje av nokon reglement forventningar om at den enkelte saksbehandlar må fange opp og ta ansvar for at dei politiske vedtak vert følgd opp. Det manglar også rutinar på korleis vedtaksendingar skal fangast opp.

### ***Etterleving av rutinar***

Det er definert under rådmannens ansvarsområde å rapportera om vedtak frå politiske organ. Det framkjem av reglement for Ulvik herad at det skal rapporterast til heradsstyret minst to gonger i året om gjennomføring og oppfølging av tidlegare politiske vedtak. Oversynet skal visa korleis vedtaket er gjennomført og så langt råd visa vidare oppfølging og handsaming av saka.

Revisjonen har fått framlagt alle tertialrapportane. I tillegg er det søkt i Websak etter oppfølging av politiske vedtak. Her fann ein at det var gjennomført ei tilbakemelding i 2005. Revisjonen har i tillegg fått opplyst at det har vore rapportert munnleg i heradsstyret ved utgangen av 2008.

Revisjonen meiner det bør gjennomførast tilbakemeldingar som omfattar alle saker som er "under arbeid" eller fullført sidan førre møte.

Dersom tertialrapporten skal brukast som tilbakemelding på vedtak bør det, etter revisjonens mening utarbeidast gode malar som gjer rapporteringsarbeidet effektivt og oversiktleig.

### **Revisjonen anbefalar at Ulvik herad vurderar:**

- Om det skal utarbeidast ein logg for oppfølging av heradsstyrevedtak. Det er viktig at det utpeikast ansvarleg for denne og at det vedtas gjennomtenkte rutinar for oppdatering og bruk av loggen, slik at den blir mest mulig føremålstenleg å bruke, også over tid.
- Om det er moglegheit i Websak for å oppdatera status på vedtak
- Om den vidare saksbehandlinga frå den enkelte saksbehandlar bør registrert i eit felles arkiv, eventuelt i Websak.
- Å vurderer å utarbeida eit reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen
- Å vurderer å utarbeida ein rutine for korleis vedtaksendingar skal fangast opp
- Å vurderast å utarbeida ein rutine for korleis den enkelte saksbehandlar skal følgja opp vedtak og rutinar for tilbakemelding.
- Å anbefala heradet å vurderer om det også bør rapporterast til heradsstyret 4 gonger i året.
- Å vurderer om fleire vedtak bør innehalde tidsfristar.

## **2. INNLEIING**

### **2.1 Bakgrunn**

Forvaltningsrevisjon er heimla i Kommuneleovs § 77 nr. 4 og nærare presisert i §§ 6,7 og 8 i Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar o.a.

Kontrollutvalet i Ulvik herad har i sin plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2012 vedtatt at prosjektet "Oppfølging av politiske vedtak" skal gjennomførast.

### **2.2 Føremål og problemstillingar**

Prosjektet vert gjennomført på grunnlag av kommunelovs § 6 som lyder: "Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak".

Vidare på grunnlag av kommunelovs § 23, pkt. 2, som lyder slik: "Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer er forsvarlig utredet og at vedtak blir iverksatt".

Føremål med prosjektet er å sjå om administrasjonen følgjer opp dei vedtak som vert fatta i heradsstyret i tråd med kommunelovs bestemmingar og om dei har tenlege interne rutinar, arbeidsprosedyrar og/eller system.

Ut frå dette er det utarbeida følgjande problemstillingar:

1. Vert heradsstyrevedtak følgd opp av administrasjonen og kva er årsaka til eventuell manglande oppfølging?
2. Kva rutinar, arbeidsprosedyrar og/eller system finnast i administrasjonen for å fylgja opp politiske vedtak og kva rutinar finnast for tilbakemelding?
3. I kva grad vert eventuelle rutinar etterlevd?

### **2.3 Avgrensingar**

Prosjektet er i hovudsak basert på gjennomgang av heradsstyrevedtak i perioden 2007-2008, men det er i tillegg gjort eit utplukk av saker i perioden 2005-2006.

Ved utplukket av heradsstyrevedtak er det tatt omsyn til at ein skal gjennomgå nokre vedtak som omfattar alle dei vesentlege tenesteområda; skule, barnehage, teknisk, plo og administrasjonen.

### **2.4 Metode**

Denne undersøkinga er gjennomført som eit prosjekt etter RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon.

Revisjonens data er basert på innsamling og gjennomgang av rutinar, retningslinjer og liknande, samt saksmapper for utvalde heradsstyresaker. Ikkje alle rutinar var dokumentert og intervju har derfor vore nødvendig for å få korrekt forståing av arbeidsmåte og innarbeida rutinar.

I arbeidet med prosjektet har me gjennomført oppstartsmøte med Jon Oppedal, Reidar Meel, Jesper Axelson, Karin Fleten og Svanhild Dybsland.

#### **2.4.1 Dokumentanalyse**

Det vart vald ut 29 heradsstyrevedtak i perioden 2007-2008. I tillegg vart det sett på 5 heradsstyrevedtak i perioden 2005-2006. Sakene vart gjennomgått saman med leiar for tenestetorg. Det vart gjennomgått kva som var arkivert i Websak. Den vidare oppfølginga av vedtaka var ikkje registrert i Websak. Det vart derfor i tillegg sendt mail til alle saksbehandlarane med spørsmål om vidare oppfølging etter vedtaka i heradsstyret. I tillegg vart det stilt spørsmål om saksbehandlar hadde eit eige system for å oppdatera status på alle vedtak som han/ho står som saksbehandlar for.

Datagrunnlaget for rapporten er sendt til Ulvik herad for gjennomgang og verifikasjon.

#### **2.4.2 Intervju**

Det er gjennomført intervju med ordførar Mona Hellesnes og leiar for tenestetorg Mari Midttun.

### **2.5 Revisjonskriterium**

Revisjonskriterium er eit samlenamn på dei krava og forventningane som vert brukt i den enkelte forvaltningsrevisjon. Disse kriteria vert brukt som grunnlag for å vurdere om heradet si verksemd, økonomi, produktivitet, måloppnåing osv. er i samsvar med krav og forventningar. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere avvik og veikskap. Kriteria, haldt saman med faktagrunnlag, dannar basis for dei analysar og vurderingar som kan føretas og dei konklusjonar som vert trekt i ein forvaltningsrevisjon.

For å svare på problemstillingane i dette prosjektet har revisjonen definert revisjonskriteria som er henta frå følgjande kjelder:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992, § 5 og kapittel 8
- Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner) av 15. desember 2000
- Heradsstyrevedtak
- Delegasjonsreglement for Ulvik herad
- Reglement for Ulvik herad 2007-2011
- Politisk organisering i Ulvik herad
- Daglege arbeidsoppgåver for sentralbord i Ulvik herad
- Instruks møteinnkalling/etterarbeid formannskap og heradsstyre
- Rutine for daglege arbeidsoppgåver for sentralbord i Ulvik herad

### **3. DATAGRUNNLAG OG REVISORS VURDERING**

#### **3.1 Vert heradsstyrevedtak følgd opp av administrasjonen og kva er årsaka til eventuell manglande oppfølging?**

##### **3.1.1 Revisjonskriterium**

I Kommunelova § 6 står det følgjande:

*"Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak".*

KL § 23 nr. 1 og 2. Administrasjonssjefens oppgåver og myndighet:

*"Administrasjonssjefen skal påse at de saker som skal legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt".*

Kommentarar og forarbeid til kommunelova § 23 nr.1:

I følge kommuneloven § 23 nr.1 skal administrasjonssjefen sjå etter at vedtak blir satt i verk. I kommentarutgåva til kommuneloven uttales det; *"...administrasjonssjefen er ansvarlig for samordning og effektivisering av hele den kommunale virksomheten, og han/hun skal sørge for at politiske vedtak blir iverksatt i henhold til de instruksjer som blir gitt."*

Av forarbeida til lova framkjem det at administrasjonssjefen vil ha full instruksjonsmyndighet ovanfor alle tilsette.

Kommentarar og forarbeid til kommunelova § 23 nr.2: Kommuneloven § 23 nr. 2 pålegg administrasjonssjefen å sjå etter at dei saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarlig utreda, og at vedtak vert satt i verk. Politiske føringar gis i hovudsak gjennom vedtak i faste politiske utval med vedtaksmyndighet. At vedtaka vert følgd opp av administrasjonen er ein føresetnad for politisk styring av heradet. Undersøkinga ønskjer å vurdere administrasjonen si oppfølging av vedtak vedtatt i heradsstyret.

Ut frå dette er det naturleg å sjå kva slags oppfølgingssystem som eventuelt er etablert i form av rutinar, loggar med meir for å halda oversikt og følgje opp iverksetjing av vedtak og gjennom dette å sikre etterleving av lova.

Det er rådmann som har det formelle ansvar for å setja i verk heradsstyrevedtak. I praksis vert dette ofte delegert ned til den aktuelle saksbehandlar.

### 3.1.2 Databeskriving

Generelt så vert politiske vedtak i hovudsak fatta i formannskap og heradsstyret. Ordførar møter og leiara møta i formannskap og heradsstyret. Ordførar og administrasjonen set opp saker på sakskartet til behandling. Administrasjonen set opp saker i forhold til å følgja opp vedtak. Det kan og vera at ordførar ber om at meldingssaker vert satt opp som sak, dette er eit administrativt ansvar. Delegasjonsreglementet trekk opp grensegangen mellom kva saker som skal behandlast politisk og kva saker rådmannen kan vedta etter delegert myndigheit.

Rådmannen møter i heradsstyret. Politisk sekretær skriv protokoll, denne vert opplest og godkjend i møte. Ordførar signerar på protokollen og det vert oppretta saksmapper. Nye vedtak og merknader vert oversendt til saksbehandlar til vidare behandling. Det vert sendt særutskrift om vedtak, deretter vert det ikkje gjort noko meir arbeid frå politisk sekretær.

Leiara for tenestetorg hadde godt innsyn i Websak. Revisjonen gjekk gjennom eit utval av vedtak saman med leiaren for tenestetorget i Websak. Alle vedtaka i utplukka var registrert i Websak. I nokon tilfeller var det registrert nokon utgåande og inngåande brev. Den vidare oppfølginga frå den enkelte saksbehandlar var ikkje registrert i Websak. Dette gjorde informasjonsinnhentinga meir vanskeleg og uoversiktleg.

Revisjonen tok kontakt med kvar enkelt saksbehandlar av 34 vedtak med ønske om ei tilbakemelding om vidare oppfølging av vedtak. Det vart i tillegg undersøkt om alle saksbehandlarane hadde eit eige system for å oppdatera status på vedtak som han/ho står som saksbehandlar for.

*Utplukka vårt av heradsstyrevedtak fordelar seg som følgjer på einingane:*

<i>Eining</i>	<i>Tal på vedtak</i>
DRIFT	6
ORDFØRAR	2
STØTTE STAB	1
KULTUR, NÆRING OG LANDBRUK	1
ADMINISTRASJON	5
RÅDMANN	7
HELSE OG SOSIAL	2
KULTUR	2
TEKNISK	1
BARNEHAGE	2
SKULE	2
VEG, VATN OG AVLØP	1
PLEIE OG OMSORG	2
SUM	34



Me har laga ein oversikt over tilbakemeldingar frå saksbehandlar for status på deira vedtak.

Vedtak	Omhandlar	Oppfølging
007/05	OV-anlegg Dundis - Eikjelidbakken	Eit kommunalt anlegg for å ta hand om overvatn frå private eigedomar, gjennom kommunalt næringsareal og til vassdrag (Vambheimselva). Anlegget vart gjennomført /sluttført i 2005
061/06	Ombygging 2. høgde Sentrumsbygget. Sluttrapport	Sakene gjeld sluttrapportar på investeringsprosjekt lagt fram for heradsstyret etter at Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har kontrollert byggerekneskapen. Heradsstyret har i disse sakene godkjend prosjektrekneskapen, og då er det ikkje meir å følgja opp
062/06	Taktekking Sentrumsbygget - Sluttrapport	
009/07	Utvikling av heradshuset som kulturhus	Oppfølging av vedtaket: 1. saka vart ikkje lagt fram i juni møte 2007 2. då saka vart lagt fram 05.09.07 var ingen av punkta i HST-009/07 følgd opp - ingen kostnad vedk. utbygging var utgreidd, det var ikkje laga ein utbyggingsplan - det var ikkje forhandla fram framlegg til avtalar med framtidige brukarar - det var ikkje greidd ut driftsmodell
014/07	Framdrift og økonomi - Hardanger Rehabiliteringssenter	1. Tomta er rydda 2. Lagd ein plan for oppfylling av tomte 3. Skrive avtale om kjøp av grunn 4. Heradet har kjøpt seg ut av tidlegare leigeavtale 5. Totalt er det av løyvde midlar nytta kr 1,3 mill til tomtetilrettelegging ved utgangen av 2008
018/07	Privat framlegg til reguleringsendring for Gnr. 53 Bnr. 81 i Ulvik herad	Heradet har følgd opp påfølgjande søknad frå arkitekt Signe Mossige om oppføring av lågblokker på det omregulert arealet/tomta. Arkitekten har følgd opp krava i reguleringsplanen med omsyn til utforming og plassering.
027/07	Oppretthalda eller leggja ned 4.avdeling i barnehagen	Ingen saksbehandling etter vedtaket i heradsstyret. I aug 07 vart det sendt ei oversikt til Reidar Meel over dei som var tilsett i faste stillingar og vikariat slik at han kunne rapportera vidare. Dei som eigde stillingane fekk halda fram då me oppretthaldt den 4. avd.
030/07	Reglement for Ulvik herad	Dette var ein gjennomgang av tidlegare reglement. Knut Nes var leiar i den politiske komiteen som gjekk gjennom tidlegare reglement, og kom med ein del endringar. Ein fekk og samla dei fleste reglement slik at det skulle vera lettare å halda oversikten. Når det gjeld å gjennomføra vedtaket har Knut Nes ikkje noko å merka til denne. Alle som skal praktisera regelverket har etter det Knut Nes kjenner til gjort seg kjende med regelverket som gjeld deira arbeidsområde.

034/07	Flytting av bibliotek - ombygging Brakanestunet	Prosjektrekneskapen er avslutta og finansiert
036/07	Godkjenning av privat reguleringsplan	Etter at planen vart godkjend i H-sak 036/07 har ikkje Ulvik herad hatt noko meir med saka å gjera. Området/planen er ein del av tilrettelegginga av Hardangerbrua
040/07	Reguleringsplan Håheimvika - godkjenning	Etter at planen vart godkjend i H-sak 040/07 har ikkje Ulvik herad hatt noko meir med saka å gjera. Området/hyttfeltet er lyst ut for sal.
042/07	Ulvik sjuke- og aldersheim - Utbetring av vaskeri	Viser til svar i samband med vedtak 064/08
062/07	Utbetring av inn klima på Brakanes skule. Val av alternativ	Det vart installert balansert ventilasjonsanlegg i 2008, med ferdigsynfaring 5.1.09. Arbeidstilsynet melder i skriv datert 8.1.09 at tilsynet lukkar saka gjeldande pålegg om tvangsmulkt som gjeld tiltak for inn klimaet på Brakanes skule. Det står igjen å få godkjend byggerekneskapen av revisor og heradsstyret. I følgje reglementet skal det skje i løpet av eit år etter at prosjektet er ferdig.
002/08	Kommunedelplan vatn og kommunedelplan avløp og vassressurs	Kommunedelplan vatn, avløp og miljø har ei tiltaksliste. Denne lista viser kva tiltak som skal gjerast, og om lag tidsrommet. Tiltaka er kalkulert. Eininga følgjer denne lista, og for kvart avgrensa prosjekt innan dei ymse område blir det oppretta eit prosjektnummer i rekneskapssystemet.
014/08	Fast vikar i barnehagen	Det er skrevet referat frå tilsetjingsmøtet og det er skrevet arbeidsavtale.
017/08	Utbetring av heradshuset	Til møte 02.04.08 var det laga eit kostnadsoverslag på utbygging av huset, men denne vart ikkje lagt fram i saka. I saksutgreiinga vart det vist til framlegg til vedtak frå RM og ikkje framlegget frå SV som vart samrøystes vedteke. Leigeavtale med 2 av brukarane var no på plass, men ikkje med Haugestiftinga. Driftsform/organisering pkt 4 i 044/07 er framleis ikkje på plass. Dette vert på nytt gjentatt i pkt 6 i HST-017/08 Pkt 6 HST-017/08 "Heradsstyret vil få til godkjenning eiga sak om driftsform for huset så snart dette er gjennomdrøfta med mellom anna brukarane av huset". - er ikkje gjennomført endå - heradsstyret har ikkje fått orientering om kva avsette midlar i budsjettet 2009 1,6 mill skal brukast til
022/08	Utleigebustad	Eit samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunale og statlege einingar for å skaffe til veie ein særskilt trengjande person eit husvære. Innleidd byggjefirma er pr. dato i gang men arbeida er ikkje avslutta/ferdigstilt

032/08	Årsmelding og rekneskap 2007	<p>Årsrekneskap og årsmelding for 2007 vert godkjend slik den ligg føre. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.242.665,57 vert sett av til disposisjonsfond - udisponert kto 25791000. Rekneskapsmessig mindreforbruk på totalt 684.619,32 frå år 2000 og tidlegare, vert sett av til disposisjonsfond - udisponert kto 25791000. <b>Gjennomført i Agresso.</b> Heradsstyret ber rådmannen leggja fram ein plan for korleis manglar omtala i revisjonsmeldinga 2007, årsoppgjersbrev av 15.05.07, og kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2007, kan bringast i orden. Planen bør liggja føre innan 1.9.2008 og leggjast fram som sak i heradsstyret, med kopi til kontrollutvalet. <b>Gjennomført litt forsinka, presentert heradsstyret og sendt kontrollutvalet.</b></p>
035/08	Forvaltningsrevisjon ved. Innsyn i dokument	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Offentlege saker i administrasjonsutvalet vert i dag publisert og gjort tilgjengeleg på heimesida i innsynsmodul. Dette har også vore til drøfting i administrasjonsutvalet.</li><li>2. Det er gjeve melding til leiarar og saksbehandlarar at e-post skal handsamast som vanleg post og registrerast i Websak. Denne er sendt til leiarar og saksbehandlar. Det er mest vanleg at saksbehandlar vidaresender e-post til tenestetorget for registrering.</li><li>3. Plo og Ulvik barnehage leverer i dag inngåande post til tenestetorget for registrering i Websak. Brakanes skule er byrja med dette, men kan ikkje seiast å ha rutinar på dette endå. Målet er å få dette til innan skuleåret 2009/2010 tek til.</li><li>4. Rådmann fører på fullstendig lovheimel med spesifisering til ledd, nr eller bokstav som grunnlag for unntak for offentleggjering.</li><li>5. Websak-ansvarleg har teke kontakt med kvar saksbehandlar og hjelpt dei med å ferdigstille saker. Det er også sendt ut ein eigen rutine på dette til kvar saksbehandlar.</li><li>6. Saksbehandlar la fram ei melding om dette til heradsstyret 3.9.2008</li></ol>

037/08	Næringsarbeidet - rapport og tilråding frå politisk komité	<p>1. Det er sendt ut særutskrift av vedtaket til den politiske komiteen som vart oppnemnt. Denne har seinare utført sitt arbeid og lagt fram si tilråding overfor heradsstyret som har vedteke nye retningslinjer for næringsfondet. Rådmannen har stilt sekretær til rådvelde.</p> <p>2. Vidare er det sendt særutskrift av vedtaket til Eidfjord utvikling</p> <p>3. Det er lyst ut stilling som bygde- og næringsutviklar, og ny medarbeidar tok til i stillinga 1.mars 2009. Formannskapet har oppnemnt næringspolitisk prosjektgruppe. Denne skal utarbeide ei prosjektskildring. Det er søkt om prosjektmidlar hjå fylkesmannen, Hordaland Fylkeskommune, Hardangerrådet og Innovasjon Noreg</p> <p>4. Arbeidet med å revidera strategisk næringsplan er ikkje start opp endå, men er ein del av prosjektet som strekkjer seg over 3 år</p>
064/08	Ulvik sjuke og aldersheim - Utbetring av vaskeri	Teken opp i økonomiplan i 2008 og 2009. Utbetningsarbeidet starta i mars-09. Teknisk etat har ansvaret for prosjektet og Karin Fleten er i dialog om framdrift og planar knytt til prosjektet. Vaskeriet skal stå ferdig seinsommar-09 med påfølgjande oppstart av kjøp av vaskeritenester.
073/08	Hardanger Rehabiliteringssenter med fleirbrukshall. Status og framdrift	<p>1. Fylkesmøte i Bergen der Ulvik herad fekk forlenga løyving kr 10 mill til prosjektet Gnist Hardanger</p> <p>2. Møte med Oslo Næringseigedom i Oslo. Ekstraordinær generalforsamling i H.R. der ONE kjøper seg inn med halvparten av aksjane i selskapet og val av nytt styre</p> <p>3. Same dag styremøte i selskapet, Unni Solem valt til dagleg leiar</p> <p>4. 12. mars nytt styremøte i selskapet, med framlagt budsjett og aktivitetsplan for samarbeidet</p> <p>5. Vidare i 2009 vil Unni Solem jobba med dette prosjektet omlag 50 % stilling</p>

Revisjonen manglar tilbakemelding på 11 vedtak. Det har ikkje lykkast revisjonen å få tilbakemelding frå saksbehandlarar på disse vedtaka til tross for gjenteke purringar. Dette gjeld følgjande vedtak:

<b>Vedtak Omhandlar</b>	
091/05	Kontrollutvalet - Revisjon av byggje- og prosjektrekneskapar
027/06	Kjøp av Ulvik Fruktlager
005/07	SLT Hardanger - Søknad om statlege midlar til 3-årig prosjekt 2007-2010
011/07	Rv 572 Holven - Ulvik. Plan for opprusting av veg
015/07	Rammeplan for kulturskulen
047/07	Tilskot til kjøp av berbar pc til alle ungdomar frå Ulvik som tek til med vidaregåande opplæring som rettselevar hausten 2007
064/07	Rammeplan for kulturskulen og konsekvensar for Ulvik herad
068/07	Forvaltningsrevisjon vedr økonomiforvaltning

005/08	Organisering av næringsutviklingsarbeidet i Ulvik, oppretting av komité
029/08	Utbygging av fornybar energi
048/08	Flytt til fruktbare Hardanger – prosjektstilling
072/08	Industrihuset på Vambheim

Spørsmålet til saksbehandlar om dei hadde eige system for å oppdatera status på vedtak vart sendt til 14 saksbehandlarar. Av disse var det ein (teknisk) som hadde eit eige system for oppdatering av status på vedtak som dei sto som saksbehandlar for. VA har eit system som er integrert i økonomisystemet, dei har ei tiltaksliste med eigne prosjektnummer i rekneskapssystemet<sup>1</sup>.

Protokollane frå heradsstyremøta vert lagt ut på heimesida til heradet dagen etter møte, så sant ordførar og rådmann har godkjend den. Alle vedtaka i utplukket var registrert på heimesida til Ulvik herad.

I revisjonen sitt utplukk av heradsstyrevedtak var det 7 av 34 vedtak som inneholdt tidsfristar. Revisjonen har ikkje vurdert om det ville vore føremålstenleg med tidsfristar i alle dei 34 vedtaka.

### 3.1.3 Revisors vurdering

Manglande oppfølgingsystem for iverksetjing av heradsstyrevedtak medfører manglande oversikt over status for implementering av vedtak, og det kan ikkje utelukkast at vedtak ikkje har vorte satt i verk.

Revisjonen har inntrykk av at arbeidet med registrering av vedtak i Websak er god. Av alle vedtak i utplukket fann me alle igjen i Websak. Alle protokollane frå dei heradsstyremøta me såg på låg også på heimesida til heradet. Revisjonen meiner at heradet bør vurdere å utnytte Websak meir. Det er mulig å leggja inn merknader både på sak og journalpost. Den vidare saksbehandlinga frå den enkelte saksbehandlar vert ikkje registrert i eit felles arkiv. Dersom saksbehandlarane hadde brukt Websak meir aktivt i det vidare oppfølgingsarbeidet av vedtak ville arbeidet ha vore meir synleg. Det burde vore lagt inn i Websak kva saker som var under behandling og kva saker som var avslutta.

I nokon saker er det gjort eit nytt vedtak seinare, og det er ikkje vist til det nye vedtaket i Websak. Dersom det hadde vore skrevet ein merknad eller liknande ville sporingsgraden ha vore mykje større.

Det var i den perioden me såg på gjort følgjande tal på vedtak:

2005 – 95 vedtak

2006 – 63 vedtak

2007 – 90 vedtak

2008 – 73 vedtak

Ved eit stort tal på vedtak i løpet av eit år gjer dette arbeidet med oppfølging av alle vedtaka meir tidkrevjande.

For å sikre at saksbehandlar etterlever vedtaka er ein avhengig av kontroll. Dette sikrast gjennom krav til rapportering til nærmaste overordna og oppfølging frå denne. Heradsstyret bør også få jamlege oppdateringar av framdrifta på dei vedtekne sakene. Det bør vurderast å utarbeida ei restanseliste, ein oversikt over

---

<sup>1</sup> Revisjonen har ikkje lykkast å få tilbakemelding på dette spørsmålet frå dei saksbehandlarane som heller ikkje har gitt tilbakemelding på vedtak som dei sto som saksbehandlarar for.

saker med vedtak som medfører at saken skal følgjast opp med ny sak/orientering. Lista bør oppdaterast etter kvart møte og sendast til utvalde folkevalde, administrasjonen, til revisjonen og kontrollutvalet. Oversikten bør visa aktuelle vedtak, kven som følgjer opp saka og drøfting i leiarteamet.

Det er sjeldan at vedtak inneheld tidsfristar, kanskje det burde vore satt ein tidsfrist på fleire vedtak. Dersom vedtaka hadde innehaldt tidsfristar ville dette gitt både administrasjonen og politikarane eit større ansvar for at vedtak vart følgd opp og gitt tilbakemelding på. Det er viktig med eit godt samspel mellom politikarane og administrasjonen.

### **3.2 Kva rutinar/arbeidsprosedyrar, system finnast i administrasjonen for å følgja opp politiske vedtak og kva rutinar finnast for tilbakemelding**

#### **3.2.1 Revisjonskriterium**

*Rutinar/arbeidsprosedyrar/system*

På grunnlag av kommunelovas § 23, pkt. 2 må administrasjonen sørge for å ha rutinar som sikrar at politiske vedtak vert følgd opp.

For å sikre at vedtak vert følgd opp bør det eksistera ein eller annan form for rutine for korleis dette ansvaret best skal takast vare på. Det mest naturlege krav er at alle vedtak skal følgjast opp.

*Tilbakemelding*

Kommunelova § 23 nr.2, pålegg administrasjonssjefen å sjå etter at alle vedtak vert satt i verk/følgd opp i samsvar med politikaranes instruksar.

#### **3.2.2 Databeskriving**

Heradet brukar Websak som saksbehandlingssystem. Websak er eit offentleg arkiverings- og saksbehandlingssystem. Det er ei løysing berekna for dokument-, arkiv-, saksbehandling og utvalssystem som tilfredsstillar den offentlege standard for edb-baserte saks- og arkivsystem.

Vi har mottatt følgjande skriftlege rutinar/arbeidsprosedyrar/system:

- a) Reglement for Ulvik herad 2007-2011
- b) Delegasjonsreglement for Ulvik herad
- c) Politisk organisering i Ulvik herad
- d) Daglege arbeidsoppgåver for sentralbord i Ulvik herad
- e) Instruks møteinnkalling/etterarbeid formannskap og heradsstyre

**a)** I reglement for Ulvik herad er det eit avsnitt som heiter "Reglement for politiske organ". I reglementet § 5 framkjem det retningslinjer for: "*Resultatrapportering og oppfølging av politiske vedtak.*

*Heradsstyret skal 3 gonger i året (tertialrapportering) få seg førelagt eit oversyn over heradet sin økonomiske situasjon. Rådmannen utarbeidar oversynet som skal handsamast i formannskapet før ho vert lagt fram for heradstyret. Oversynet skal visa situasjonen for finansforvaltninga, og forbruk i drifta i høve til vedteke budsjett. Vidare skal heradsstyret minst 2 gonger i året få seg førelagt eit oppdatert oversyn over gjennomføringa og oppfølginga av tidlegare politiske vedtak. Oversynet skal visa når og korleis vedtaket er gjennomført, og så langt råd visa vidare oppfølging og handsaming av saka".*

**b)** I delegasjonsreglementet punkt 1.3.2.2 framkjem hovudprinsipp for oppgåvefordeling.

*Rådmannen:*

- vedtaksmynde i kurante saker, med unntak av der heradsstyret gjennom reglement eller positivt under del 2 legg dette myndet til politisk organ
- vedtaksmynde i tilsettingssaker, inkludert oppseiing/avskjed/suspensjon
- mynde til å disponere budsjett innanfor kvart tenesteområde (funksjon)
- Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar innanfor normal drift.

Under punkt 1.3.2.3 står det: "Det er ein grunnleggjande føresetnad at saker som vert delegert til administrasjonen er kurante, dvs. at dei har klare føringar frå lover/sentrale føresegner eller frå kommunen sine eigne planvedtak/føresegner eller retningslinjer. Det same gjeld i fall sakene skal handsamast i høve til økonomiske rammer vedtekne budsjett/økonomiplan.

*I delegeringsvedtaket frå heradsstyret/politiske organ til rådmannen, føreset heradsstyret at det vert utarbeida eit eige reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen."*

**c)** I Politisk organisering i Ulvik herad punkt 2 vert det trekt fram hovudtrekk i kommunelova. Det vert kommentert KL §§ 22 og 23 rådmannen sine oppgåver:

- ansvar for tenesteapparatet i kommunen fungerer på best mogeleg måte for innbyggjarane/folkevalde
- øvste leiar for den kommunale administrasjonen
- ansvar for forsvarleg saksutgreiing og at vedtak vert satt i verk
- møte/talerett i alle folkevalde organ med unntak av kontrollutvalet
- kan få mynde til å treffa vedtak av ikkje prinsipiell karakter

Rådmannen har instruksjonsrett i heile administrasjonen og politiske organ kan berre delegere til administrasjonen via rådmannen.

Under punkt 6.1.2 i reglementet framkjem det at heradsstyret kan oppnemna saksordførar for ei bestemt sak eller ei bestemt utgreiings- og utviklingsoppgåve.

Saksordførar har mellom anna følgjande oppgåver:

- ha ansvar for at framdriftsplan og tidsfristar vert følgde
- gje orientering eller greia ut om saka eller prosessen og framdrifta av den når heradsstyret har bestemt dette som ledd i sakshandsaminga, eller gjer vedtak om å be om ei slik utgreiing undervegs i prosessen.

**d)** Sentralbordet har mellom anna ansvaret for å arkivere det som skal registrerast i Websak. Dei har også ansvaret for å arkivere og halde arkivet oppdatert.

**e)** Denne rutinen beskriv i detalj kva som skal gjerast i samband med eit møte i formannskap og heradsstyre, både i forhold til innkalling og arbeid etter møte for politisk sekretær.

Rådmannen har ein halvtime i kvart heradsstyre for å orientera om aktuelle saker han vil informera om. Dette er ikkje nedskrevet i noko reglement, men han kan fritt informera om ting i tida. Elles så er det vanleg at einingsleiarane informerar litt om eventuelle avvik i løpet av året i tertialrapportane og årsmelding.

### **3.2.3 Revisors vurdering**

Det kjem fram av reglementet til Ulvik herad at det skal rapporterast til heradsstyret minst to gonger i året om gjennomføring og oppfølging av tidlegare vedtak. Dette har ikkje vore gjennomført skriftleg sidan 2005. Dersom heradsstyret meiner at

dette ikkje lenger er relevant bør reglementet endrast. Revisjonen vil anbefala slik statusoppdatering i løpet av året.

Revisjonen finn at Ulvik herad har eit føremålstenleg regelverk, men det er ikkje fastsett eigne skriftlege prosedyrar for korleis vedtaksendingar skal fangast opp, rapporterast og eventuelt meldast tilbake resultatet av. Det eksisterar heller ikkje nokon retningslinjer for fullført saksbehandling generelt. Det kjem ikkje fram av noko reglement forventningar om at den enkelte saksbehandlar må fange opp og ta ansvar for at dei politiske vedtak vert følgd opp.

Det bør utarbeidast restanselister frå rådmannens side. Ein må også vurdere kor ofte og i kva omfang politikarane bør få restanseoversikten, dvs oversikten over saker med vedtak som medfører at saka skal følgjas opp med ny sak/orientering. Det er viktig at det vert utarbeida eit effektivt system som ikkje er for tidkrevjande eller omfattande. Dersom det let seg gjera å utnytte Websak, så meiner revisjonen at dette vil vera den mest effektive måten.

Det framkjem av delegasjonsreglementet at heradsstyret føreset at det vert utarbeida eit eige reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen. Revisjonen har ikkje fått framlagt eit slikt reglement.

Det skal i følgje reglementet føretas ein økonomisk rapportering 3 gonger i året. Heradet skal rapportera til Kostra kvart kvartal (4 gonger i året). Revisjonen vil anbefala heradet å vurdere om det også bør rapporterast til heradsstyret 4 gonger i året.

### **3.3 Etterleving av rutinane**

#### **3.3.1 Revisjonskriterium**

Administrasjonssjefen skal etter kommunelova § 23 nr. 2 sjå etter at vedtak som politikarane vedtek vert satt i verk. I forarbeida til lova framkjem det at administrasjonssjefen vil vera avhengig av å fordela oppgåvene på einingsleiarane og andre tenestemenn, men administrasjonssjefens (rådmannens) instruksjonsmyndigheit gjeld fullt ut.

I forskrift om årsbudsjett, heiter det at administrasjonssjefen, eventuelt herads- eller fylkesrådet, gjennom året skal leggja fram rapportar for heradsstyret eller fylkestinget som viser utviklinga i inntekter, innbetalingar, utgifter og utbetalingar i samsvar med vedteken årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller heradsstyret finn rimelig grunn til at det kan oppstå nemneverdig avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapporten til heradsstyret eller fylkestinget føreslå nødvendige tiltak.

#### **3.3.2 Databeskriving**

Tertialrapporten er rapporteringssystem for tilbakemelding til heradsstyret på i Ulvik herad. Rapporten vert utarbeida etter ein fast mal. Tertialrapporten vert lagt fram til behandling to gonger i året. I tillegg vert det lagt fram årsmelding/årsrekneskap.

Revisjonen har fått tilsendt to tertialrapportar frå 2007 og to frå 2008. 3. tertial er årsrekneskapen. I tertialrapportane vert det gjennomgått resultatstatus for dei ulike einingane. Det vert gjeve ei forklaring på dei einingane der ein forventar eit avvik mellom budsjett og rekneskap. I tillegg vert det føretatt ein gjennomgang av felles inntekter. Til slutt vert det oppsummert forventa resultat mot budsjett. Det vert ikkje



kommentert noko vedrørande oppfølging av vedtak. Det vert ikkje utarbeida noko tilbakemelding på til dømes fullførte vedtak.

Ved søk i Websak etter rapport for oppfølging av vedtak fann ein ei sak frå 2005.

Ordførar opplysar at ho har tatt opp oppfølging av vedtak, med ønske om ein statusrapport. Det har ikkje vore framlagt nokon totaloversikt, ordførar har plukka ut nokon store saker som det vart bedt om ei tilbakemelding på. Det vart etter dette gitt ei munnleg tilbakemelding frå rådmann ved utgangen av 2008. Heradsstyret har ikkje fått noko tilbakemelding på avslutta saker. Det kjem fram både frå administrasjonen og ordførar at dialogen mellom heradsstyret og administrasjonen kunne vore betre og at dette er noko det bør jobbast med.

### **3.3.3 Revisors vurdering**

Eit tiltak som administrasjonen kan vurdere for å betre oppfølginga kan vera at administrasjonen regelmessig legg fram ein oversikt over vedtak som skal følgjast opp for heradsstyret. Ein statusrapport som vert oppdatert før kvart heradsstyremøte og inneheld status på alle vedtak som er fatta av heradsstyret.

Etter revisjonens meining bør tilbakemeldinga omfatte aller saker som er "under arbeid" eller er fullført sidan førre møte. Revisjonen er av den oppfatning at også munnlege tilbakemeldingar gitt i møtet bør framkoma av protokollen. Vi vil anbefale heradet å etablere ein fast rutine for dokumentering av tilbakemelding på fatta vedtak. Revisjonen er kjend med at andre kommunar legg fram ein statusoversikt for alle saker som har vore til behandling. Denne oversikten vil innehalde dei ulike stadium saker er kome på, eksempelvis:

- saker som ikkje er påbegynt
- saker under arbeid
- saker som er fullført

Ein slik oppfølgingssak kan til dømes frammast samtidig med budsjettrapporteringa til heradsstyret. Dette vil vera eit føremålstenleg tidspunkt i forhold til å følgja opp tidlegare vedtak som medfører ein endra økonomisk konsekvens, som igjen vil kunne påverke rekneskapen. Det er også mulighet at statusrapporten kan frammast som fast sak i alle heradsstyremøtar.

Dersom tertialrapporten skal brukast som tilbakemelding på vedtak bør, etter revisjonens meining, alle pågåande vedtaksarbeid omtalast slik at dei kan gjenfinnast i rapporten, og visa til vedtaksnummer. Dette bør vurderast for å effektivisere tilbakemeldingsgraden. Dette vil i andre omgang auka muligheita for at saker ikkje vert glømd eller forsvinn i systemet.

## **4. REVISORS KONKLUSJON OG ANBEFALING**

### **4.1 Konklusjon**

#### ***Oppfølging av heradsstyrevedtak***

Ansvarleg for arkivering hadde godt innsyn i Websak og alle vedtak i utplukka var registrert på heimesida til heradet.

Dersom saksbehandlarane hadde brukt Websak meir aktivt i det vidare oppfølgingsarbeidet av vedtak ville det arbeidet ha vore meir synleg. Det burde vore lagt inn i Websak kva saker som var under behandling og kva saker som var avslutta.

Rapporten er ikkje fullstendig på grunn av manglande tilbakemelding frå saksbehandlarar av 11 av dei utplukka 34 vedtaka.

Det bør vurderast å utarbeida ei restanseliste, ein oversikt over saker med vedtak som medfører at saken skal følgjast opp med ny sak/orientering.

### **Rutinar/arbeidsprosedyrar/system og tilbakemelding**

Revisjonen finn at Ulvik herad har eit føremålstenleg regelverk, men det er ikkje fastsett eigne skriftlege prosedyrar for korleis vedtaksendingar skal fangast opp, rapporterast og eventuelt meldast tilbake resultatet av.

Det bør utarbeidast restanselister frå rådmannens side. Dersom det let seg gjera å utnytta Websak til dette arbeidet, meiner revisjonen at dette vil vera den mest effektive måten.

Det bør vurderast å utarbeida ein rutine for korleis den enkelte saksbehandlar skal følgja opp vedtak og rutinar for tilbakemelding.

Revisjonen vil anbefala heradet å vurdere om det også bør rapporterast til heradsstyret 4 gonger årleg.

### **Etterleving av rutinar**

Eit tiltak som administrasjonen kan vurdere for å betre oppfølginga kan vera at administrasjonen regelmessig legg fram ein oversikt over vedtak som skal følgjast opp for heradsstyret.

Vi vil anbefale heradet å etablere ein fast rutine for dokumentering av tilbakemelding på fatta vedtak.

Dersom tertialrapporten skal fungera som tilbakemelding på vedtak, bør etter revisjonens mening, alle pågåande vedtaksarbeid omtalast slik at dei kan gjenfinnast i rapporten, og vist til vedtaksnummer.

## **4.2 Anbefaling**

Ulvik herad bør vurdere:

- Om det skal utarbeidast ein logg for oppfølging av heradsstyrevedtak. Det er viktig at det utpeikast ansvarleg for denne og at det vedtas gjennomtenkte rutinar for oppdatering og bruk av loggen, slik at den blir mest mulig føremålstenleg å bruke, også over tid.
- Om det er moglegheit i Websak for å oppdatera status på vedtak
- Om den vidare saksbehandlinga frå den enkelte saksbehandlar bør registrert i eit felles arkiv, eventuelt i Websak.
- Å vurdere å utarbeida eit reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen
- Å vurdere å utarbeida ein rutine for korleis vedtaksendingar skal fangast opp
- Å vurderast å utarbeida ein rutine for korleis den enkelte saksbehandlar skal følgja opp vedtak og rutinar for tilbakemelding.
- Å anbefala heradet å vurdere om det også bør rapporterast til heradsstyret 4 gonger i året.
- Å vurdere om fleire vedtak bør innehalde tidsfristar.

## **5. TILBAKEMELDING**

### **5.1 Tilbakemelding frå rådmann**

Revisjonen har motteke høyringsuttale frå rådmannen i form av e-post datert 5.5.2009. Vi gir her eit kort samandrag av tilbakemeldinga samt nokre avsluttande kommentarar frå revisjonen. Brevet er gjengjeve i sin heilskap i vedlegg 1.

### **5.2 Avsluttande kommentar frå revisjonen**

Når det gjeld kommentaren om at ei samanlikning med andre nabokommunar ville gitt eit betre grunnlag for forbetringar så gjer revisjonen dette i dei tilfelle ein har gjennomført tilsvarande prosjekt i andre kommunar.

Revisjonen meiner at me har peikt på punkt som kan forbeistrast og ikkje berre påpeika feil og manglar. Revisjonen ønskjer å få fram ting som er positivt i heradet også. I anbefalingane frå revisjonen er det kome med konkrete punkt som kan forbeistrast.

Det kjem ikkje fram frå tilbakemeldinga frå rådmannen kva punkt han ikkje kan gå god for og det vert dermed vanskelig for revisjonen å gi ei tilbakemelding på dette.

Når det gjeld tertialrapportering kontra kvartalsrapportering så har ikkje revisjonen noko å merka til dette.